Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ymse attåtfôr.

Oppskr. av: Andreas Kapir

(adresse):

Fylke: Rogaland

Herad: Sola

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Paul Kristian Olsen Hogstad, f. på Hogstad i 1867, og kona Maren, f. på grannegarden Tjora i 1873. Bondefolk på Hogstad.

SVAR

I.

Ukjent.

II.

Tjora ligg ut mot storhavet og der veks det ikkje noko tare. På Hogstad, som ligg mot Hafsfjord, tok dei litt mattlautare i Hestholmsundet. Det var så lite at det forslo ikkje, og P.H. har ikkje gjort det sjølv. Sjøen la opp taren, men P.H. veit ikkje korleis dei tok han og fekk han heim. Han trur at dei ~~nytta~~ gav han slik som han var, og han trur det var om våren dei nytta han.

III–IV.

Ukjent.

14026

2

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

V.

1. Det har ikkje vore vanleg å koka mat til kyrne, men dei kokte låg, sjå 7.

2. På Tjöra slo dei kokande vatn over höygt som nyboren fekk dei förste måla. Vatnet trekte inn i höygt, og dei fekk alt.
Elles laga dei sörpe av hakket, men kalla det ikkje så. Halmen skar dei i skjerkista.
Far til P.H. kjöpte hakkemaskin; det var den förste dei kring, og den gjekk på lån kring på grannegardane. Det var fö P.H. reiste til Amerika (1887).
Dei la oftast hakket i blöyt i kaldt vatn natta over i eit stor kjer og gav det om morgonen i stampar, bötte eller kassar. Dei ville helst ha mjöl på, i allfall til nyborar, men det var nå så av og til med mjölet. Dei kunne leggja hakket i blöyt i stampane eller böttene òg.
Agnene nytta dei som hakk.

3. Det var alltid kalt vatn på hakket, men sjå 1 9 7.

4–6. Ukjent.

7. M.H: Me vermde vatn, la inna brinngryta, skarde varmen (dei fyrde med torv), la i eplekål, let det stå slik natta over; lågen ga me om morgonen som drikka. På Tjöra hadde me alltid eller oftast havremjöl på drikka. Eplekålet gav me dei òg.

Me kokte låg på bremmenotla òg så lenge me kunne få tak i det. Bremmenotlane åt dei. Lågen va veldig god, den gav så veldig godt smör.

Kvekeròlene hivde me så langt me kunne få dei.

VI.

Ukjent.